

## Årshjul for spelemidelsøknadar

Bestemmelser for spelemidelordninga vert publisert i juni kvart år  
[Du finn dei her](#)

Alle som skal søke om spelemidlar inneverande år, må melde inn sine anlegg innan 15. mai slik at anlegget kjem på prioritert liste i juni. Dette er eit krav for å kunne søke om spelemidlar. Har du ønske om eit nytt anlegg, men ikkje har planen heilt klar vil me likevel høre frå deg, då me ønsker ein oversikt over planlagte tiltak i kommunen. Desse anlegga blir lagt inn i ei uprioritert liste, som på ingen måte er bindande. Ved innmelding av anlegg til prioritert og uprioritert liste ber me deg fylle ut følgande to skjema:

### [Innmelding av anlegg](#)

#### [Berekraftssjekken](#)

Skjema sender du samla til [postmottak@aal.kommune.no](mailto:postmottak@aal.kommune.no) innan 15. mai.

For å søke spelemidlar til anlegg må du setje deg godt inn i [bestemmelsene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet](#). Det er mykje dokumentasjon som må på plass i ein spelemidelsøknad og me ber deg spesielt sjå på det som omhandlar dugnad.

Fyll ut elektronisk søknad på [anleggsregisteret.no](http://anleggsregisteret.no) innan 1. oktober.

### Viktige fristar:

15.mai	Frist for innmelding til anleggslista, med berekraftssjekk
15.juni	Nye bestemmelser for spelemidelordninga komande år
Juni	Søknadsportalen i anleggsregisteret opnar
1.oktober	Søknadsfrist spelemidelsøknadar
1.november	Frist for handsaming i Ål Idrettsråd
November	Handsaming i Sektorutval for kultur og oppvekst
Desember	Handsaming i Formannskapet og Kommunestyret
15.januar	Frist for innsending av søknadar til fylket
15.april	Fylkets frist for å sende søknadar til KUD
Mai	Fordeling av tilskot frå KUD til fylkeskommunen
15.juli	Fordeling av tilskot frå fylkeskommune til kommune

[Du finn meir informasjon om spelemidlar her](#)

Sjå også [godeidrettsanlegg.no](http://godeidrettsanlegg.no) for inspirasjon, tips og triks.

Ta kontakt med kulturkontoret i Ål kommune om du har spørsmål:

Kristine Jacobsen Kapperud

[kjk@aal.kommune.no](mailto:kjk@aal.kommune.no)

970 44 385